

## STYRESAK

**GÅR TIL:** Styremedlemmer  
**FØRETAK:** Helse Vest RHF

**DATO:** 03.12.2015  
**SAKSHANDSAMAR:** Terje Arne Krokvik  
**SAKA GJELD:** **Lån til Pasientreiser ANS - Mine Pasientreiser**

**ARKIVSAK:** 2015/2373  
**STYRESAK:** 127/15

**STYREMØTE:** 10.12.2015

---

### FORSLAG TIL VEDTAK

Styret gir administrerende direktør fullmakt til å inngå låneavtale med Pasientreiser ANS med inntil kr 13 mill.

## Oppsummering

Pasientreiser ANS, som er eit nasjonalt felleseigd selskap, er no i gjennomføringsfasen av prosjektet Mine Pasientreiser. Prosjektet har ein samla kostnad på om lag kr 65 mill. Nasjonalt AD-møte har under sak 025-2015 gitt sin tilslutning til finansiering av prosjektet. Helse Vest sin del utgjer 20%.

Pasientreiser ANS har no behov for å få tilført delar av finansieringa som ligg som føresetnad for gjennomføring av prosjektet.

## Fakta

Det nasjonale AD-møtet godkjente under sak 025-2015 prosjektdirektiv for Mine Pasientreiser – gjennomføringsfasen. Det blei i same sak gjort vedtak om budsjett og fordeling av finansiering av prosjektet. Fordeling av finansiering blir gjort i medhald av eigarbrøken som for Helse Vest sin del utgjer 20%.

Pasientreiser ANS er no kommen langt i gjennomføringa av prosjektet og har behov for at delar av lånet blir utbetalt. Administrerande direktør ber derfor om fullmakt til å inngå låneavtale med inntil kr 13 mill. Utbetaling av lån vil bli gjort i tråd med behov og framdrift i prosjektet.

Det er utarbeid likelydande låneavtale mellom dei regionale helseføretaka og Pasientreiser ANS der dei økonomiske vilkåra vil vere lik, og i tråd med det som vil vere gjeldande for felleseigde selskap.

Helse Vest vil fram til møtet i februar utarbeide instruks for lån til felleseigde nasjonale selskap. Det blir her angitt nærmare prosedyre for tildeling av lån samt fullmakt til administrerande direktør til å inngå låneavtaler med nasjonale selskap.

## Konklusjon

Det blir tilrådd at administrerande direktør får fullmakt til å inngå låneavtale med Pasientreiser ANS i tråd med felles beslutning i nasjonalt AD-møte knytt til gjennomføringa av prosjektet.

Helse Vest vil legge fram forslag til instruks for lån til felleseigde nasjonale selskap i februar-møtet.